



Ei gruppe av musikantane opptre på basaren i fjor.

Søndag er det farsdag, og då passar det godt å kombinere farsdagskaffien med skulemusikken sin basar. Korpset fristar nemleg ikkje berre med musikk og basar. Det vert og eit stort kakebord! Arrangementet er i Aktivitetshuset, og det er altså søndag ettermiddag kl.16.

Janne Hjørnevåg i arrangementskomiteen fortel at basaren i år skil seg frå tidlegare ved at dei ikkje går rundt med loddbøker på bygda på førehand. Det vert selt to omgangar med årer, og i tillegg vert det selt talongbøker. – Vi har fått inn mykje svært fine gevinstar, fortel Janne.

Eit høgdepunkt denne ettermiddagen vert det å høyre skulemusikken. Det ryktast at dei er i flott utvikling. I helga skal det vere seminar, og dermed kan dirigent Tor Skeie Olsen presentere dei unge musikarane i god form. Dette gleder vi oss til!



Søndag er Emilie Bringedal og resten av skulemusikken igjen klar for basar.

Janne fortel at kaker og kaffi vert gratis medan dei må ta betalt for brus. Ho håpar mange møter opp, for det ligg an til ein svært koseleg farsdagsettermiddag i Aktivitetshuset.

Av: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen